

– Ikkje ta opp lån til anna enn hus og bil

Namsmann, NAV og Meland Kommune gjer kva dei kan for å styra ungdommane klar av «Luksusfellen».

Erik Aadland-Rasmussen

erik@strilen.no

900 18 237



PREMIEUTDELING: Stian Lavik, nestleiar i Utval for levekår, var med på å heidra vinnarbidraga i årets Gjeldsprosjekt.

På 10. året har kommunen gjenomført Gjeldsprosjektet, eit undervisningsopplegg som skal gje tiandeklassingane økonomisk kunnskap, og unngå at dei kjem i gjeldsproblem.

– Om eg nokon gong får slike problem, må det vera på grunn av at eg kjøper altfor mykje neglelakk, ler Sofie Bastesen, elev ved Meland Ungdomsskule.

Premiering

Bastesen og resten av 10. trinn skjønnte ingenting, då dei fredag morgon kom til skulen og var budd på å starta dagen med matteprøve. I staden fekk dei beskjed om å samlast på eit klasserom.

Men då Stian Lavik og Helge Kvam frå Gjeldsprosjektet kom inn døra, gjekk det eit lys opp for gjengen.

– Åh ja, sjølvsagt, dei to er frå det gjeldsgreiene.

Og ganske riktig. Lavik og Kvam var der for å premiera det beste bidraga i årets prosjekt.

Ola Nordmann hanka inn gåvekort

Vinnarlaget på Meland Ungdoms-

skule kalla seg «Tre kroner og ei yen» og bestod av Ida Herland og Sofie Bastesen frå 10A og Solveig Nygård Haugland og Sunniva Thomassen frå 10B.

Deira presentasjon omhandla problematikken at mange av deira medelevar allereie har hamna i gjeldsknipa.

– Mange ungdomsskuleelevar står allereie i gjeld til ein eller fleire medelevar. Mest vanleg er dei som gjer spontankjøp med andre si lommebok, heiter det i vinnarteksten.

Dei peikar vidare på at gjelda aldri vert betalt tilbake, eller at enkelte faktisk legg på renter.

– Vanlegast ligg rentene på heile 25 prosent.

Vinnarane hadde illustrert bidraget med ei teikning av Ola Nordmann, utan øyrer, som et pengar han ikkje har, medan ubetalte rekningar flyg bak han.



VINNARAR: Solveig Nygård Haugland, Ida Herland, Sunniva Thomassen og Sofie Bastesen leverte det beste bidraget frå Meland Ungdomsskule.

– Det var denne ekstra kreative kombinasjonen som vann, seier Stian Lavik.

Premien var gåvekort på 300 kroner hjå Knarvik Senter

Gode tips frå verdige vinnarar

Vinnarlaget melder om eit godt prosjekt, som dei har kosa seg med. Dei er difor ikkje i tvil om at

elevar i resten av landet burde fått same undervisninga.

– Me har lært mykje og sit att med verdifull informasjon, seier Solveig.

– Og så har me brukt konkrete eksempel frå eigen skulevardag. Du kan seia me har hatt det gøy, og eg synest det er meir lærerikt, seier Sunniva.

Ida synest TV3-serien Luksusfellen er eit kult program, men har ingen ambisjonar om å bli deltakar på skjermen.

– Nei, no veit eg godt kva eg skal gjera om eg får gjeld. Men altså, eg har ikkje tenkt å få det. Folk må ikkje ta opp lån til anna enn hus og bil. Resten klarer dei fleste å spara til.

Rektor Hilde Brendehaug Hugaas håper prosjektet held fram i åra som kjem.

– Dette er eit lærerikt og kjekt opplegg, og desse jentene er verdige vinnarar, skryt Hugaas.

Etter å ha vore innoom Meland Ungdomsskule, drog Lavik og Kvam vidare til ny premieutdeling på Rosslund.

– Der har Elin, Frida, Maja og Verona vunne, med sin artige film om emnet, seier Stian Lavik.



SAMANSLÅING: I staden for å ha to leiketøybutikkar få meter frå kvarandre på Promenaden, har Ringo og Yes opna ny og større butikk saman.

– Hipp hurra for ny butikk

KNARVIK SENTER: Ringo har flytta inn hjå Yes og opnar større butikk i Promenaden. – Det ligg eit venskap i botn, og praktiske omsyn bak, når me slår oss saman, seier Hilde Birkeland Foss. Ho er dagleg leiar for den nye, utvida Ringo Leker som opna

dørene sist torsdag. I mange år har Ringo og Yes - vi leker konkurrert om kundane, få meter frå kvarandre øvst i Promenaden i senteret. – Alle partar synest det kunne vera greitt å samarbeida, så difor har me no samla bedriftene på ein stad, seier Hilde.

Julemarked på Hjelmås

Lørdag 25/11 KL:12-16

Salgsbodene åpner kl 12, utenfor butikken.

Her kan man kjøpe lokal julemat, og fine julegaver.

Butikken vil servere julegrøt, og kanskje kommer nissen? ☺

Vi avslutter dagen ved tenning av julegran klokken 16, og flott julemusikk fra Leknes Blåseorkester.

VI ØNSKER STORE OG SMÅ VELKOMMEN!

Matkroken
Hjelmås